



## **NY SOM BARNEHAGELÆRAR I VESTNES?**

**Plan for rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar.**



## **INNLEIING**

Denne planen skal vere med å sikre ei systematisk rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar i Vestnes kommune. Planen byggjer på erfaringar vi har gjort med rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar sidan 2011, samt føringar sentralt. Rettleiinga skal sikre ein best mogeleg overgang mellom utdanning og yrke, og bidra til å rekruttere og behalde dyktige barnehagelærarar i barnehagane i Vestnes.

Barnehage eigar har ansvar for at nyutdanna barnehagelærarar får eit tilbod om rettleiing, og einingsleiar/styrrar har ansvar for å leggje til rette for at barnehagelæraren skal kunne ta del i tilbodet. Kommunen som barnehagemyndede skal gje rettleiing og sjå til at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande regelverk.

Vi ønskjer å sikre at alle tek ansvar for denne viktige oppgåva, og samarbeider i heile barnehagesektoren for å lykkast med eit systematisk og godt rettleiingstilbod til nyutdanna i alle våre barnehagar. Nyutdanna i private barnehagar kan bli invitert til å delta sett i høve til rettleiarkapasitet og gruppesamansetning.

## **BAKGRUNN**

KS og Kunnskapsdepartementet har inngått ein avtale om å arbeide målretta for at nyutdanna pedagogar i barnehage og skule skal få tilbod om rettleiing, gjeldande frå 2011-2012.

Våren 2017 fatta Stortinget følgjande vedtak:

«Stortinget ber regjeringen i samarbeid med partene utforme nasjonale rammer for en veiledningsordning for nyutdannede lærere som ivaretar at alle nytilsatte omfattes av ordningen, og som gir rom for lokal tilpasning»

«De nasjonale rammene består av følgende elementer:

- Prinsipper og forpliktelser for veiledning av nyutdannede nytilsatte lærere i barnehage og skole.
- En skriftlig faglig veileder om hvordan gode veiledningsordninger kan utformes og gjennomføres lokalt
- Et utdanningstilbud for veiledere

Prinsipper og forpliktelser for veiledning av nyutdannede nytilsatte lærere i barnehage og skole gjelder fra 10.09.2018, med varighet til 31.07.2021.»

Les meir om prinsippa her: ([lenkje når planen blir digital](#))

## **ANSVAR**

**Vestnes kommune som barnehageeigar** har fokus på kvalitet i barnehagen og systematisk oppfølging og rettleiing er ein del av dette arbeidet. Vestnes kommune gir tilbod om systematisk rettleiing første året etter endt utdanning, andre året går rettleiinga føre seg på arbeidsplassen.

**Einingsleiar/styrar** har det daglege ansvaret for rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar, og ansvaret for rettleiinga andre året. Rettleiinga skal gjennomførast i arbeidstida.

**Rettleiar** – rettleiinga skal utførast av erfaren og kvalifisert rettleiar. Rettleiaren har ansvar for:

- Å kalle inn til rettleiingsmøter.
- Å legge til rette for rettleiinga.
- Å møte førebudd til rettleiinga.
- Skrive kontrakt med veggskjar.
- Å stimulere til læringsprosessar hos veggskjar og bidra til ei god og trygg atmosfære.
- Overhalde teieplikta.

**Veggskjar**- den som blir rettleia har ansvar for:

- Å møte førebudd til rettleiinga.
- Å møte til rettleiing med mål om fagleg og personleg utvikling.
- Å bidra til ei god og trygg atmosfære og eit godt læringsmiljø.
- Å syne vilje til refleksjon over eigne handlingar.
- Sende inn rettleiingsgrunnlag i tide.
- Overhalde teieplikta.

## **MÅL**

- Best mogeleg overgang mellom utdanning og arbeidsliv.
- God start på yrkeslivet.
- Rekruttere og behalde barnehagelærarar.
- Tryggleik, trivsel og utvikling i jobben.
- Støtte profesjonsutviklinga til veggskjar ved å bevisstgjere den nyutdanna på eigen ståstad, eigne målsettingar og å finne handlingsalternativ.
- Sikre kvaliteten i barnehagen.
- Utvikle barnehagen som organisasjon.

## **ORGANISERING**

Dei nyutdanna blir av barnehage eigar /Vestnes kommune invitert til første samling i løpet av september. Både rettleiar og barnehagerådsgjevar møter til første møtet. Innhald i første samlinga:

- Etablere kontakt.
  - Å vere nyutdanna, korleis blir det opplevd?
  - Leiarrolla?
  - Å arbeide med eigen profesjonsutvikling.
  - Organisering av rettleiinga.
  - Val av tema for vidare samlingar.
  - Verdien av rettleiing.
- 
- Barnehagelærarane kan bruke bunden tid til rettleiing.

## Omfang

Kvar deltakar får rettleiing i gruppe og individuelt i løpet av barnehageåret. Kvar økt varer i 1,5 time. Det er rom for å gjere om på fordelinga mellom gruppe og individuell rettleiing etter behov frå vegsøkjjar eller rettleiar.

## Innhald

Utgangspunktet for rettleiinga vil vere den einskilde si oppleving av eigen situasjon og oppgåver som skal løysast. Rettleiinga skal bidra til refleksjon og utvikling hos vegsøkjjar.

Rettleiing er og ein reiskap i arbeidet med kvaliteten i barnehagen og å utvikle barnehagen som ein lærande organisasjon.

## Arbeidsform

Kvar økt med rettleiing skal innehalde:


- Rettleiing individuell eller gruppe
- Oppsummering og tiltak til neste gong
- Ny avtale

Rettleiar kan bruke ulike rettleiings metodar.

Det blir utarbeidd skriftleg referat/tilbakemelding til vegsøkjjar.

## ÅRSHJUL

Når	Kva	Kven
August	Innmelding av nyutdanna pr. e-post til barnehagerådgjevar.	Einingsleiar/styrar
September	Invitasjon til oppstartsmøte.	Barnehagerådgjevar
Oktober	Oppstartsmøte. Underskriving av rettleiingskontrakter. Rettleiingsgrunnlag/avtalar.	Barnehagerådgjevar og rettleiar.
November	Ev. rettleiing	
Desember	Ev. rettleiing	
Januar	Ev. rettleiing	
Februar	Ev. rettleiing	
Mars	Ev. rettleiing	
April	Ev. rettleiing	
Mai	Ev. rettleiing	
Juni	Evaluering	Barnehagerådgjevar, rettleiar og ev vegsøkjjarar.



## Rettleiingskontrakt

Eg har forstått vilkåra for at eg/vi skal kunne gjennomføre rettleiing.

Stad/dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
Rettleiar

\_\_\_\_\_  
Vegsøkjjar

\_\_\_\_\_  
Styrar

Namn på rettleiar	Telefon	E-post	Arbeidsplass
Namn på vegsøkjjar	Telefon	E-post	Arbeidsplass
Tidspunkt for rettleiing	Merknader		
Avtale 1:	Oppstartsmøte		
Avtale 2:			
Avtale 3:			
Avtale 4:			
Avtale 5:			
Avtale 6:			
Avtale 7:			
Avtale 8:	Avslutning/evaluering		